SANDVOLL ORDSKIFTELAG

Husreglar og leigevilkår

Sandvollstova · Kjellarstova · Heile huset

Velkomen! Sandvollstova er bygda sin møteplass. Vi ber om at desse reglane blir følgde, slik at huset held seg i god stand til glede for alle.

1. Ansvar for lokala

Leigetakar har ansvar for bruken av lokala i leigeperioden og skal sørgje for at gjestene følgjer husreglane. Lokala skal nyttast til det føremålet som er oppgitt ved bestilling, med mindre anna er avtalt.

2. Orden og reinhald

Lokala skal forlatast i same stand som ved overtaking. Leigetakar skal alltid vaske etter bruk. Dette omfattar mellom anna:

- Bord, benkar og andre overflater som har vore i bruk.
- Golv i rom som har vore nytta.
- Kjøkken, kjøkkenutstyr og toalett.
- Bord, stolar og anna inventar skal setjast tilbake.

Vaskeutstyr står i rommet ved sida av stova. Brukte vaskefiller skal leggjast i ein pose ved døra.

3. Avfall

Alt bos, tomflasker og anna avfall skal takast med ved avreise. Matrestar og eigedelar skal ikkje stå att.

4. Inventar og utstyr

Inventar og utstyr skal behandlast med omtanke og setjast tilbake etter bruk. Skadar, feil og manglar skal meldast til husansvarleg så snart som mogleg.

5. Branntryggleik

Leigetakar skal gjere seg kjend med rømmingsvegar og brannsløkkingsutstyr. Rømmingsvegar og naudutgangar skal alltid vere frie. Levande lys og anna brannfarleg aktivitet må handterast forsvarleg.

6. Omsyn til omgjevnadene

Vis omsyn til naboar og andre i området. Støy og musikk skal haldast på eit forsvarleg nivå, særleg om kvelden og natta.

7. Avslutning og låsing

Kontroller at romma er rydda og vaska, at lys og elektrisk utstyr som ikkje skal stå på er slått av, og at vindauge og ytterdører er lukka og låste. Nøkkel skal leverast tilbake eller leggjast på avtalt stad.

8. Leige og betaling

Leigepris eller førebels pris blir vist i førespurnaden. Endeleg pris blir stadfesta av husansvarleg. Husleiga skal betalast til Vipps #540081 innan betalingsfristen i stadfestinga. Endringar og avbestillingar skal avklarast med husansvarleg.

9. Økonomisk ansvar

Den som bestiller og står som leigetakar, er økonomisk ansvarleg for dokumenterte og rimelege kostnader ved skadar på bygning, inventar og utstyr som skuldast uforsvarleg bruk eller aktløyse frå leigetakar eller gjester. Dette gjeld også ved arrangement for mindreårige. Skadar skal meldast snarast.

Ved mangelfullt reinhald kan Sandvoll Ordskiftelag krevje dekt dokumenterte og rimelege kostnader til ekstra reinhald. Laget kan òg krevje dekt dokumenterte og rimelege utbetringskostnader for skadar leigetakar er ansvarleg for. Vanleg slitasje ved forsvarleg bruk blir ikkje rekna som skade.

10. Mindreårige og vaksentilsyn

Den som står som ansvarleg leigetakar og bestiller, skal vere minst 18 år og oppgi fødselsdato ved bestilling. Dersom lokala blir nytta til arrangement for mindreårige, skal ansvarlege vaksne vere fysisk til stades under heile arrangementet. Leigetakar har ansvar for at dette kravet blir følgt.

11. Godkjenning av vilkår

Når leigetakar stadfestar at husreglane er lesne og forstått i samband med leigeførespurnaden, godtek vedkomande desse leigevilkåra.

Husansvarleg: Anne Marit Eikemo Ersland · Telefon 45 20 66 68

Takk for at du tek vare på Sandvollstova – ein møteplass for heile bygda.